



Solund kommune,
Postboks 73,
6921 HARDBAKKE

Saksbehandlar, innvalstelefon

Håvard Rød, 5557 2143

SOLUND KOMMUNE - BUDSJETT OG ØKONOMIPLAN

Solund kommunestyre har i møte 12.12.2019, sak 068/2019, handsama og vedteke budsjett for 2020 og økonomiplan for 2020 - 2023. Fylkesmannen har motteke saksdokumenta til orientering.

Kommunen er ikkje under statleg kontroll og godkjenning. Budsjett og økonomiplan er difor ikkje kontrollert etter kommunelova § 28-1 (Robek-registrert). For alle kommunar kontrollerer Fylkesmannen at budsjett og økonomiplan er i balanse.

Budsjett 2020

Netto driftsresultat utgjorde 1,2 prosent av brutto driftsinntektene for 2019. Det budsjetterte talet for 2020 utgjør - 0,9 prosent. Det tilrådde minstenivået frå TBU (Teknisk berekningsutval) er 1,75 prosent av driftsinntektene.

Kommunen har vedteke bruk av lån med kr 29,9 mill. til finansiering av investeringane i 2020. Totale investeringar utgjør om lag kr 41,1 mill.

Økonomiplan 2020 - 2023

Økonomiplanen viser netto driftsresultat omtrent i null i heile planperioden. Resultata ligg difor under det tilrådde nivået frå TBU.

Samla investeringar i perioden 2020-2023 utgjør om lag kr 71,7 mill., der om lag kr 56,1 mill. er planlagt finansiert med bruk av lån. Dei største investeringane er i nye omsorgsbustader og ny ungdomsskule.

Kommunen hadde ei langsiktig lånegjeld ved utgangen av 2019 som utgjorde 110 prosent av driftsinntektene. Kommunen hadde ved utgangen av 2019 disposisjonsfond med om lag kr 23,4 mill., eller 20,1 prosent av driftsinntektene.



Fylkesmannen sin kommentar

Vi vurderer kommunen si økonomistyring som god. Vi har ikkje prioritert å gi nærare vurderingar av kommunen sin økonomi.

Med helsing

Lars Sponheim

Nils Erling Yndesdal
kommunaldirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent